

Lindås kommune  
Postmottak  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
0 4 AUG 2017	
Ark. saksnr.	Løpnr.
Saksh.	Tilgangskode

Hei

Som beboar i Alversund e eg bekymra for spreidning av Slirekne ved anleggsarbeid som nå er starta opp på garveritomten denne veka. (Alver Brygge)

Parkslirekne er plassert i kategorien svært høg risiko i Norsk svarteliste 2012 og er også høgt prioritert i SVV sin regionale handlingsplan mot framande skadefulle artar.

Vegvesenet er blitt veldig flink og merksam på denne planten ved kantslått og anleggsarbeid langs veiar.

Her fylgjer utdrag frå planlegging av et vegvesen prosjekt, og hvordan de ville håndtere det:

*Førekomst av slirekne må fjernast før anleggsarbeidet startar. Heile planten skal pakkast i tett sekk og leverast, utan mellomlagring, til godkjent forbrenningsanlegg (BIR eller andre som har forbrenningsanlegg for avfall).  
Innfiserte jordmassar skal transporterast lukka, utan mellomlagring, og deponerast i varig deponi i fjellhall hjå FSG, eller andre med godkjent deponi for forureina masser.  
Innfisert jordmasse (m<sup>3</sup>) vert rekna ut i frå summen av arealet for synleg førekomst, og eit areal på maks. 8 meter utanfor ytterkant av førekomsten til alle sider. For heile arealet skal det gravast ut infisert jordmasse ned til maks. 3,5 m djupn.  
Bekymring skal utførast av kvalifisert personell, anleggsgartnar eller tilsvarande.  
Det skal ikkje skje spreiding av slirekne gjennom maskinbruk, utstyr og personleg utrustning.  
Alt utstyr må rengjerast på staden.*

Små fragmentar fra plante stengeler på avveie er nok for at det blir spredning.

Eg har bare et innstendig ønske om at det blir håndtert riktig.

Velger å ikkje signera med navn for å ikke bli dradd inn i noe diskusjon.